




**Handlingsplan mot mobbing**

**for**

**Stranda ungdomsskule**

**2015/2016**



# *Handlingsplan mot mobbing*

## **Føreord av rektor**

Stranda ungdomsskule ynskjer å markere tydeleg at mobbing ikkje vert tolerert på skulen vår. Vi vil signalisere at vi tar arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø på alvor, og vi vil arbeide målretta og aktivt for å førebygge mobbing. Vi vil også vise at vi vil gripe inn dersom vi får signal om at mobbing skjer.

Å førebygge mobbing og å løyse mobbeproblem når dei oppstår, er ei oppgåve elevar, lærarar og føresette må samarbeide om. For å bli betre rusta til å arbeide med slike problemstillingar, valde skulen vår å gå inn i det såkalla Zero-programmet. Eit av hovudprinsippa i Zero-programmet er **nulltoleranse** i høve mobbing og anna antisosial framferd. Programmet er utvikla av Senter for atferdsforsking ved Høgskulen i Stavanger.

Lærarar, elevrepresentantar, foreldrerepresentantar, representant frå PPT og rektor utgjorde i si tid ei ressursgruppe i dette arbeidet. Denne handlingsplanen vart første gong utarbeidd i løpet av skuleåret 2003/2004. Handlingsplanen er eit resultat av ein prosess og eit arbeid som er blitt utført i lærarkollektivet og ressursgruppa.

Planen byggjer på fire prinsipp:

- **Avdekking av mobbing**
- **Problemløsing av mobbesaker**
- **Førebygging**
- **Kontinuitet i arbeidet**

Opplæringslova § 9a slår fast at born og unge har rett til eit lærings- og oppvekstmiljø utan mobbing. Denne paragrafen pålegg også skulane å arbeide systematisk for å førebygge mobbing. Det er meininga at denne planen skal vere ei hjelpe for oss i det daglege arbeidet vårt. Planen er og eit uttrykk for korleis Stranda ungdomsskule ynskjer å arbeide systematisk med desse problemstillingane.

Skuleåret 2011/12 heldt Fylkesmannen i Møre og Romsdal tilsyn med korleis Stranda ungdomsskule etterlever krava som vert sett i Opplæringslova §9A. I rapporten etter tilsynet slår Fylkesmannen fast at skulen oppfyller krava i lova både når det gjeld det førebyggjanade arbeidet og det individretta arbeidet. Skulen har også ivaretatt brukarmedverknad i tråd med lova. Skulen vert beden om å sikre at alle elevar og føresette vert informert om retten dei har til å få ei eventuell sak knytt til det psykosiale mijøet handsama etter reglane for enkeltvedtak.

Eg ber alle partar sette seg godt inn i planen – og så vil eg ynskje oss alle til lykke med dette viktige arbeidet!

Stranda april 2015

Eva Hove  
Rektor

## **1. Avdekking av mobbing**

*Mål: mobbing som går føre seg i og ved skulen vert avdekkja.*

### **1.1. Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen**

Undersøkinga *Elevundersøkinga* skal gjennomførast kvar haust i alle klasser ved skulen. Ansvar i samband med gjennomføring og oppfølging av den årlege undersøkinga:

- Rektor har ansvaret for tilrettelegginga og gjennomføringa av undersøkinga.
- Kontaktlærarane har ansvaret for at resultat frå undersøkinga vert følt opp og arbeidd med i klassene.

### **1.2. Vakt og tilsynsordningar**

- Det skal vere vakter i alle friminutt og ti minutt før skulestart.
- Vaktene skal ha tilsyn i kvar sin etasje.
- Kroppsøvingslærar bør gå om garderobane før og etter kroppsøvingstime i hallen.

### **1.3. Kommunikasjon lærar – elev – føresett**

- Mobbing skal takast opp i alle faste kontakttimar med elevar og føresette.
- Mobbing skal takast opp i faste elevsamtalar.
- Mobbing kan vere tema på klasseforeldremøte
- Mobbing kan vere tema som vert tatt opp overfor alle foreldra ved skulen

### **1.4. Ved mistanke om mobbing**

Prosedyre når ein har mistanke om at mobbing skjer:

- Informasjonsinnhenting gjennom observasjon.
- Informasjonsinnhenting gjennom samtale med den eleven ein meiner vert utsett for mobbing.



## **2. Problemløysing i mobbesaker**

*Mål: Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe mobbing. Dette vert gjort på måtar som i neste omgang verkar førebyggande mot mobbing ved skulen*

Skulen sin fellesstrategi skal sikre at lærarar eller føresette som tar opp ei mobbesak, veit at ho vert seriøst handsama. Sakene skal handsamast etter retningsliner ein er blitt einige om, jfr denne planen.

**Alle elevar og føresette som kjem til skulen med oppmoding om at det skal setjast i verk tiltak mot mobbing eller anna krenkande åtferd, skal verte informert om den retten dei har til å få saka si handsama etter reglane for enkeltvedtak.**

### ***2.1. Skulen sine prosedyrar når mobbing er meldt eller avdekkja***

#### **A. Sikre fakta-informasjon**

- Snakke med dei som har vore vitne/vore i nærleiken for å få vite kva som har skjedd.
- Observere i ein periode for å få klarare bilete av kva som går føre seg.
- Ansvarleg: Den læraren som får mistanke eller tips om at mobbing går føre seg, eller ein annan lærar som har særleg ansvar for den aktuelle eleven/elevane.

#### **B. Første samtale med offeret etter prosedyre i ”Mobbing i skolen en lærerveiledning”.**

- Læraren startar med å slå fast at han/ho veit at eleven kjenner seg plaga.
- Læraren passar på å gi eleven støtte og forsikring om at det skal verte arbeidd for å få slutt på plaginga.
- Læraren seier at han/ho vil ta ansvar for å få gjort noko.
- Læraren gir presis informasjon av kva som vidare kjem til å skje. M.a. når han/ho vil ha samtale med dei som driv med plaginga.
- Læraren seier at han/ho vil kontakte foreldra til den som vert plaga.
- Den som blir plaga, må få høve til å fortelje om situasjonen. Læraren må lytte og ev. stille oppklarande spørsmål.
- Det skal avtalast eit tidspunkt for oppfølgingssamtale.
- Læraren seier frå om at rektor vert informert.
- Ansvarleg: Kontaktlærar.

#### **C. Første samtale med plagar etter prosedyre i ”Mobbing i skolen en lærerveiledning”.**

- Det skal alltid vere individuelle samtalrar med plagararne/ kvar av plagarane.
- Samtalane skal gjennomførast på ein slik måte at plagarane ikkje får høve til å samrå seg i mellomtida.
- Læraren slår overfor plagaren fast at han/ho har grunn til å tru/ har informasjon som kan tyde på at vedkomande driv med plaging.

## ***Handlingsplan mot mobbing***

- Læraren gjer det klart at plaging ikkje vert akseptert, og at læraren vil ha ein slutt på dette.
- Plagaren skal ha høve til å forklare seg, men læraren bør ikkje gå inn i ein argumentasjon med plagaren.
- Læraren syter for at fokuset vert halde på den uakseptable framferda til plagaren.
- Læraren passar på at ein held fokuset på kva som kan gjerast no/framover, heller enn å gå inn i ein diskusjon om alt som kan ha skjedd i fortid.
- Læraren ber plagaren kome med forslag til kva han/ho kan gjere for at situasjonen skal bli betre. Plagaren skal oppmodast til å forplikte seg til positiv åtferd overfor offeret.
- Viss det er fleire plagarar, kallar læraren til slutt alle desse inn til ein oppsummerande samtale, der dei får høre kva kvar og ein har forplikta seg til. Dette gjer forpliktinga sterkare.
- Læraren førespeglar kva som kan kome til å skje, og spør om elevane vil ta dette alvorleg også når dei har gått ut frå samtalens. (Hindre at plagarane bagatelliserer det heile etterpå)
- Læraren orienterer om at foreldra vil bli informerte.
- Læraren avtalar oppfølgingsmøte.
- Det kan og vere aktuelt å bringe plagarane og offeret saman for å summere opp kva som har skjedd, høyre offeret si oppleveling av situasjonen og plagaren sin lovnad om å slutte med plaginga. Lærar gjer det elles klart at han/ho vil følgje med situasjonen framover. Det må vurderast nøyne kva tid dette ev. skal skje
- Læraren seier frå om at rektor vert informert.
- Ansvarleg: kontaktlærar.

### **D. Oppfølgningssamtalar med offeret**

- Lærar spør korleis det har gått sidan sist, og om plaginga har opphøyrt. Dette skal skje på ei tid som er avtalt på førehand.
- Læraren skal vise at han/ho ikkje berre grip inn når noko har hendt, men faktisk følgjer opp på eige initiativ.
- Ansvarleg: Den same læraren som har hatt dei første samtalane. (Oftast kontaktlærar) ( 2- 4 oppfølgjingssamtalar som sterkkjer seg over fleire veker)

### **E. Oppfølgningssamtalar med plagaren**

- Læraren spør korleis det har gått, og om plagaren har greidd å halde lovnadene sine om ikkje å plage. Dette skal skje på avtalt tidspunkt og etter læraren sitt initiativ.
- Ansvarleg: Den same læraren som hadde dei første samtalane med plagaren. ( 2- 4 oppfølgjingssamtalar som sterkkjer seg over fleire veker)

### **F. Samtalar med foreldra til offeret**

- Lærarane tar same dag kontakt med dei føresette og fortel kva som er blitt avdekka og kva skulen har gjort så langt.
- Læraren fortel foreldra kva som er skulen sine rutinar for oppfølging i slike tilfelle, og gir detaljert informasjon om kva som skjer vidare.

## *Handlingsplan mot mobbing*

- Læraren ber foreldra ta kontakt dersom det skjer ting vidare som har betydning for saka.
- Viss lærar eller foreldre har behov for det, vert det halde eit møte, elles vert informasjonen gitt pr telefon.
- Det vert avtalt eit tidspunkt for neste kontakt.
- Ansvarleg: Den same læraren som har hatt dei andre samtalane.

### **G. Samtalar med foreldra til plagar**

Konkretisering:

- Lærar tar same dag kontakt med foreldra til plagaren og fortel kva som er blitt avdekka, og kva for rutinar skulen arbeider etter i slike saker.
- Lærar avtalar tidspunkt for ny kontakt.
- Viss lærar eller foreldre har behov for det, vert det kalla inn til møte, elles skjer informasjonen pr telefon.
- Ansvarleg: Den same læraren som har hatt dei andre samtalane.

### **2.2. Dokumentasjon på skulen sitt arbeid med ei mobbesak**

- Det skal skrivast ein logg som dokumenterer at dei ulike punkta i prosedyren over er følgt. (Kopi i elevmappe)
- Når skulen avsluttar ei mobbesak, skal det sendast brev heim til dei partane som har vore involvert.( kopi i elevmapper)

### **2.3. Samarbeid med andre instansar ved mobbing**

Aktuelle samarbeidspartar utanfor skulen er:

- PPT, RPPT og eventuelt ressursgruppe innan temaet mobbing
- Helsesyster og helsevesen
- BUP ( Barne og ungdomspsykiatrien)
- Politiet



### **3. Førebygging**

*Mål: Alle elevar skal oppleve eit godt arbeidsmiljø*

#### **3.1. Relasjon lærar - elev**

**Mål:** Læraren er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til.

Det betyr:

- at læraren har god kjennskap til elevane.
- at læraren er tydeleg og konsekvent.
- at eleven ser at læraren grip inn når plaging eller mobbing skjer.
- at læraren handterer informasjon og problem på ein tillitsvekkande måte.
- at læraren tar seg tid til å lytte på eleven og tar synspunkta på alvor.

#### **3.2. Relasjon lærar - klasse/gruppe**

**Mål:** Læraren utøver tydeleg klasseleiing på ein slik måte at klassa/gruppa vert opplevd som ein trygg stad for alle elevane

Det betyr:

- at det er tydelege klasseromsreglar for kvar klasse.
- at det sosiale klimaet i klassa er prega av respekt og omsorg
- at ingen skal vere redd for å bli ”hengd ut” eller gjort til latter. Her skal vere takhøgd og rom for å gjere feil.
- At det vert gjennomført mobbeførebyggande undervisningsopplegg kvart skuleår på kvart steg



## *Handlingsplan mot mobbing*

### **3.3. Relasjon elev - elev**

**Mål:** Elevane i klassa/gruppa tar vare på kvarandre og er opptatt av at alle har det trygt.

Det betyr:

- at alle elevane i klassa kjenner seg godtatt av dei andre.
- at ingen skal vere redd for å bli ”hengd ut” eller ledd av.
- at det er vanleg å gi kvarandre ros og oppmuntring.
- at elevane viser empati.
- Det vert lagt vekt på å gi elevane gode opplevingar i fellesskap, opplevingar som er med på å knyte elevane saman på ein positiv måte.



### **3.4. Relasjon lærar - føresette**

**Mål:** Relasjonen mellom læraren og dei føresette til eleven er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje

Det betyr:

- at lærar og føresette opplever at dei er likeverdige partar som har respekt for at dei har ulik ståstad og ulike roller.
- at begge partar har tillit til at ein vil det beste og er opptatt av å spele på same lag.
- at ein er open og ærleg overfor kvarandre og er i stand til å sjå både positive og negative sider (ha syn for nyansar, ikkje måle alt svart/kvitt).
- at føresette gir læraren naudsynt informasjon, slik at ein kan ta tilstrekkeleg omsyn til eleven.

## *Handlingsplan mot mobbing*

### **3.5. Skulen sitt samarbeid med heimane**

**Mål:** Skolen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe

Det betyr:

- at skulen informerer dei føresette om viktige planar, skuleregler, arbeidsmetodar og rutinar som er styrande for verksemda i skulen.
- at skulen inviterer dei føresette til samarbeid om ulike oppgåver.
- at dei føresette viser skulen at dei er interesserte i samarbeid.
- at klassekontaktar og FAU er engasjerte.
- at lærarane og skuleleiringa er tilgjengelege og opne for innspel.

### **3.6. Skulestart**

**Mål:** Skulestarten skal vere trygg og gi alle elevar ei positiv oppleveling.

Det betyr:

- at elevane og dei føresette har fått tilstrekkeleg informasjon på førehand.
- at skulen har presentert seg på ein positiv måte.
- at lærarane har førebudd det første møtet med elevane godt.
- Det skal leggast særleg vekt på miljømessige tiltak i starten på kvart skuleår, slik at elevane vert trygge på kvarandre og på læraren.

### **3.7. Klasse/gruppestart**

**Mål:** Læraren møter klassa/gruppa på ein måte som signaliserer trygg leiing og som legg grunnlaget for gjensidig tillit

Det betyr:

- at læraren tydeleg viser at det er han/ho som skal bestemme/leie klassa og viser tydeleg kva for normer som skal gjelde.
- Læraren skal vere ekstra godt førebudd i oppstarten, slik at han/ho får etablert dei ordningane som skal gjelde.
- At læraren har tenkt nøye igjennom oppstarten med klassa. (Klassekart, plassering, arbeidsmetodar, reglar, samarbeidskonstellasjonar m.m)
- At læraren kan ”gi litt av seg sjølv” og vise interesse og omsorg for elevane som personar/heile menneske.
- At elevane opplever at lærarane er samstemte og lojale overfor vedtekne retningsliner.

### **3.8. Overgangen mellom barneskulane og ungdomsskulen.**

**Mål:** Overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen skal opplevast trygg for alle elevane.

Det betyr:

- at elevane skal kjenne igjen ein del reglar og vanar frå tidlegare.
- at elevane har fått god informasjon om kva som blir nytt på ungdomsskulen.
- at elevane er kjende i bygningane.

## **4. Kontinuitet**

**Mål:** Skulen skal arbeide kontinuerleg med å førebyggje, avdekke og stoppe mobbing.

### **4.1. Ansvar**

Prinsippet er at problema skal løyast på lågast muleg nivå, men alle vaksne skal vite når saker skal meldast vidare og kven dei skal kontakta når det er naudsynt.

- Alle tilsette ved skulen har ansvar for å observere og rapportere.
- Kontaktlærar for eleven/elevane skal ha melding om mobbing eller mistanke om mobbing.
- Føresette til dei involverte elevane skal ha beskjed.
- Rektor eller inspektør skal informerast.
- Eventuelle andre instansar.

### **4.2. Faste tiltak i eit årshjul**

For å sikre kontinuitet i tiltak for å førebyggje og avdekke mobbing , vert det sett opp ein tidsplan for faste tiltak gjennom skuleåret:

- Ved skulestart: Intensiv informasjon og påminning/utdeling av handlingsplanen.  
Målgruppe: tilsette, elevar og føresette. Ansvarleg: skuleleiinga.
- November/desember : Gjennomføre ”Elevundersøkinga”.
- Februar/mars: Analyse av resultata frå ”Elevundersøkinga”. Utforme tiltak om nødvendig. Ansvar: Skuleleiinga og kontaktlærarar.
- April/mai : Rullering av handlingsplan mot mobbing.



Sist revidert april 2015